

## Lerhullet - Solberg (gnr. 185)

Leirholet: Namn som er ei samstilling av namnet på jordarten og på terrenget. I bygdemålet vart namnet uttale Leirhøle, som så vart oversett til Lerhullet, Leerhullet eller Lærhullet. I dette utsynet over soga til garden brukar vi her forma Leirholet, når det ikkje er sitat.

Det eldste vi finn om bruket Leirholet i Fåberg i skrivne kjelder er frå 1730-åra. Det er t.d. fortalt at Nils Leerhullet fekk døypt ei dotter Magnild nyttårsdagen i 1732, men 6. januar 1735 var det barnedåp hos Knut Leerhullet. Han fekk da døypt tvillingparet Syver og Magnild. – Sju år seinare er Leirholet kalla eit husvær under Sør-Hove. Det er da fortalt at det halve av bruket Leerhullet med eit stykke engeland var skyldsett til eit ½ skinn, og at det da gjekk over til brukaren Lars. Den andre halvdel av bruket var seld ved skjøte av 14. juni 1740. Her er det altså tale om to halvdelar av eit sjølvstendig bruk med ei samla landskyld som av ein liten gard. Frå 1743 går det tydeleg fram at Lars var vorte brukar. Han og kona hans, Kari, hadde da fått ei dotter som vart døypt og kalla Giertru.

Men frå seks år seinare fortel eit skifte frå 1749 om ei tung tid på Leirholet. Både far og mor der, Lars Larsen og Kari Eriksdtr., døyrr, og det sat att 3 born der i alderen frå 14 til 8 år. Vesle Giertru var nok og død. Av skiftet går det elles fram at bruket Leerhullet av skyld 1 skinn da vart verdsett til 20 rdl., og at arvebuet utgjorde netto 30 rdl. Arvingane ved skiftet var dei 3 borna, og av dei var Mari 14 år, Erik var 12 år og Inger var 8 år. – To år seinare var det kome ein ny bruker og barnefar, Engebret til Leirholet. Han fekk da døypt ein son som fekk namnet Peer. To år etter hadde Peer fått ein bror som vart døypt Peder.

Frå 1761 er ei sak om odelsretten til garden som her kan vera av interesse. Dragon Erik Larsen Leerhullet let da lyse sin odelsrett til halve garden "Sørhoven opigaard", men især til 5/3 skinn "derav som har fulgt hans fedre fra umindelige tider". Denne odelslysinga som vart lyst første gongen i 1749, skulle vore tinglyst andre gongen i 1749, men dragon Erik var da utkommandert som soldat til Holstein og kunne ikkje få ordna med ny tinglysing før i 1761. Dette hendte i februar 1761. – Tre månader seinare fekk Erik Larsen og arvingane hans skjøte på "pladsen Leerhullet 1 skind for 20 rd." Skjøtet som og fortel meir om dette, har i ei utskrift av tingboka denne ordlyden:

"Leerhullet.

Skjøte dat. 14. april 1761 tgl. 15. juni s.å.

Fra døtre efter avgagne Lars Larsen og Kari Eriksdtr. Leerhullet af Faaberg nemlig Mari Larsdtr. med værge Harchil Vedum og Inger Larsdtr. med værge Christen Ersgaard til eneste bror og rette åsetesmann Erich Larsen og hans arvingar ½ skind med bøxel i gårdepladsen Leerhullet for sum 10 rd. Da Erich Larsen selv har arvet det øvrige ½ skind i Leerhullet for sum 10 rd. så er han nu ene eier av pladsen Leerhullet 1 skind for 20 rd."

(I samband med denne saka lånte Erik Larsen av sin tidlegare verge Erik Erlandsen Grønlien ein sum på 98 rd. mot årleg rente og 1. pr. pant i farsgarden.)

Frå åtte år seinare er ei odels sak som Erik Larsen reiste mot Nils Larsen og Erik Pedersen om odelsretten til Sør-Hove. Med Erik Larsen Leerhullet tapte denne saka; for retten kom til dette resultat:

"Odels sak på Sør-Hoven.

29. novbr. 1769.

Erich Larsen Leerhullet kontra Erich Pedersen og Niels Larsen.

Avsagt: Citanten Erich Larsen Leerhullet har vel bevist at han er søstersøn av Lars Narvesen (?) som ved makeskifte av 1693 ble eier av 5 ½ skind i Sørhove, men han har ikke kunnet

bevise at eiendommen under hans forfedre er hevdet, eller i hvis bruk den har været. Ti kjennes for rett at innstevnte Niels Larsen og Erich Pedersen Sørhove frikjennes for citantens tiltale. Citanten betaler 3 rd. til kontracitanterne i omk. og 84 skl til justitskassen for å ha reist ubeføiet sak.”

Men fire år seinare gav i 1773 Erik Larsen skjøte til Lars Wormstuen på Leirhullet av skyld 1 skinn for kjøpesum 128 rd. Etter atter 12 år var Leirholet vorte bygselbruk att. Lars Olsen Nord-Hove gav da leigekontrakt til Lars Eriksen på ”Pl. Leerhullet under grd. Sør-Hoven mot 6 rd. årlig avgift.”

I 1812 er Lars Olsen kalla Lars Olsen Brunlaug. Han hadde da pålagt Lars Eriksen Leirhullet å ryddiggjera plassen og flytte frå Leirholet. Saka var føre på 3 ting, men retten kom til slutt til dette resultat:

”Leirhullet i Fåberg.

24. juli 1812.

Lars Olsen Brunlaug kontra Lars Eriksen Leerhullet ang. fravikelse av pl. Leerhullet.

Dom: Lars Olsen Brunlaug søker Lars Eriksen til å ha forbrutt sin bruksrett til Pl. Leerhullet fordi han har bortført korn og høiavlingen og fordi Citanten som plassen eier er boeslidsmann. Det er bevist at hovedcitanten er eier av plassen, men kontracitanten Lars Eriksen har ikke som leilending, men som husmann mot husleie, avgift og arbeide brukt plassen. Ti kjennes for rett:

Lars Eriksen Leerhullet frikjennes for Lars Olsen Brunlaugs tiltale i denne sak, hvis omkostninger den siste betaler til den første med 20 rd. + 1 rd. 52 skl. til justitskasse for nødvendig trette.”

Året etter gav i 1813 Ole Larsen skjøte til Jens Hansen på ”grd. Leerhullet for 83 1/3 rd.”

Seks år seinare er det i matrikkelframlegget av 1819 opplyst at halvdelen av bruket Leirholet da låg til, og i 1833 er det vidare fortalt at Ole Jensen Skjeggstad og Thomas Bjørstad selde denne halvdelen til Ole Erlandsen. Ole Erlandsen hadde og Leirholet ved matrikuleringa i 1839. Matrikkelskylda på bruket vart da omrekna til 1 ort 10 skl.

Ved jordbrukstellingane i 1865 er det oppgitt at Leirholet var da det samla jordbruksareal av åker og eng 18 mål, og av dette var 9 mål jord av 1. klasse. Vidare er det oppgitt at buskapen på garden i den tid var 3 naut, 3 sauer og 1 geit, og at i våronna var det i alt sådd og sett 1 1/2 td. korn og 1 td. poteter.

Sju år seinare gav i 1872 enke etter Ole Erlandsen, Johanne Knutsdtr., skjøte til sonen sin, Even Olsen, på bruket Leirholet for kjøpesum 100 spd. + føderåd til seljaren på og av garden i hennes levetid. Men tre år seinare selde Even Olsen garden att til Amund Christensen Svehaugen for 600 spd.

I 1886 kom så endeleg den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gardsnr. og bruksnr. og ny matrikkelskyld. Gardsbruket Leirholet fekk da eige gardsnummer 185 av samla skyld 0,78 mark, og det også da Amund Kristensen Svehaugen som hadde Leirholet. – Men 11 år seinare gav i 1897 Kristen Amundsen skjøte til Jon Amundsen Bakkum på gr.nr. 185, br.nr. 1 og gr.nr. 162, br.nr. 4 Klopøen for kjøpesum kr. 3500 + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1000. Den nye eigaren hadde heller ikkje dei to nye bruk han da hadde fått å hauste i meir enn 5 år. Da selde han dei til Laurits Engen for kr. 4000, og etter atter ein handel vart så gr.nr. 185 br.nr. 1 og gr.nr. 162, br.nr. 4 overtatt av Kristian Johannesen.

Det gr.nr. 162, br.nr. 4 som det her er tale om var Klopøen, som i lang, lang tid låg under Fåberg prestegard, men ved skylddelingsforretning i 1885 vart fråskilt prestegarden. 22.

februar 1886 fekk så Amund Lerhullet skjøte på Klopøen frå Kyrkjedepartementet og kunne legge det nye bruksnr. 162 br.nr. 4 til garden sin.

Kristian Johannessen, som kjøpte Leirholet i 1907, likte ikkje det gamle namnet på garden.

Etter søknad fekk han så endra namnet på garden sin til Solberg.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det Sigurd K. Jørstad som var brukar og eigar av gr.nr. 185, br.nr. 1 og gr.nr. 162, br.nr. 4 Solberg i Fåberg. Det registrerte jordbruksareal av åker, hage og eng på Solberg var da ca. 40 mål (da).